

Folldal Mållag
v/ leiar Kirstine P. Tallerås
2584 Dalholen

Folldal, 27. juni 2012

Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Høyringsvar – forslag til endring i lov om stadnamn

Folldal Mållag har gått igjennom departementet sitt framlegg til endring i stadnamnlova, datert 16. april 2012.

Vår meining er at det er uheldig dersom stadnamnlova vert endra slik at gardsnamn eller bruksnamn kan bli skrivne slik som slektsnamna. Slektsnamn med opphav i gards- og bruksnamn vart ofte nedteikna av danske embetsmenn i perioden 1500 – 1800, og skil seg til dels mykje frå den lokale uttalen av stadnamna.

Dersom skrivemåten til stadnamna blir tilpassa slektsnamna, vil den opphavlege stadnamnforma bli gløymd, og viktige kulturminne gå tapt. Formuleringa i § 6 om at brukar (eigar) skal ha ”det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn”, kan føre til at skrivemåtar utan støtte i lokal namnetradisjon vert godtekne.

For styret i Folldal Mållag,

Kirstine P. Tallerås
(leiar)

Kari S. Garmager
Eli Odden
Jon Olav Ryen
Johannes Øyen
(styremedlemmer)